

Konkurransklassen ut  
frå start. Vinnar Arve Rindal  
fremst til venstre.



# Favoritten innfridde

**MOTBAKKELØP: Då deltakarlista i konkurranseklassen var klar, heldt alle Arve Rindal som den store favoritten blant herrane.**

Rindal innfridde og sette ny personleg rekord frå Skipenes til

Trollenykjen med tida 36 minutt og 30 sekund. Dermed forbetra han si tidlegare bestenotering med 20 sekund.

– Er eg favoritten? Vi får sjå etter løpet, sa Rindal, som også er leiari for motbakkeløpet.

**Ingen rekordhaldarar på start** Trollenykjen Opp blei arrangert

på Eid for fjerde gong søndag, med konkurranse og turklasse. Løypelengda er på fire kilometer opp til Trollenykjen 898 meter over havet. Løyperekorden blei sett av Joel Dyrhovden på 35.10 i 2011. Merete Helgheim har vore vinnar i dameklassa alle tre åra, med beste tid 42.01. I år stilte ho ikkje til start, og raskaste kvinne

blei Åse Iren Sætre frå Ørsta med tida 44.47.

**Skal vurdere tidspunktet**

Det er skigruppa i Eid IL som er arrangørar av Trollenykjen opp, som i år blei arrangert seinare på året enn tidlegare.

– Årsaka er at det var umuleg å finne ei helg der det ikkje var eit

anna løp som blei arrangert. I og med at det er færre deltakarar i år enn i fjor, må vi vurdere tidspunktet neste år. Det er nok slik at mange er mentalt ferdige med sesongen etter Skåla Opp, seier Arve Rindal.

**YNGVE TOLAAS**

yngve.tolaas@fjordablaget.no  
Direkte telefon: 57 88 53 16

# Far og son på startstrecken

**MOTBAKKELØP: Sam og Christoffer Skår hadde begge mål om å forbetre seg frå fjorårets Trollenykjen Opp.**

1999-modellen Christoffer Skår er både ein lovande fotballspelar og ein ivrig fjellgåar. Han har blant anna gått/sprunge til Ossetra på 15 minutt og 40 sekund (frå hovudvegen), ei utruleg rask tid. For kort tid sidan forbetra han også tida si på Skåla Opp med 22 minutt, og søndag var han klar for å forbetre fjorårsresultatet i Trollenykjen Opp.

– Eg brukte 44 minutt i fjor, og håpar å gå ein del raskare i år, sa Christoffer før start.

Dessverre fekk han problem med magen, og måtte ta ein lang pause midtvegs i løpet. Christof-



Sam Kristian og Christoffer Skår før start.

fer valde likevel å fullføre. Sam Kristian Skår stilte i klasse 50-54 år, og hadde eit håp om å

forbetre tida på 56 minutt frå fjoråret. Til slutt fullførte han på same tid som i fjor.

## resultat

### TROLLENYKJEN OPP 2013

#### Kvinner 14-15 år

1 Elise Skeide Bakke Eid IL .....1.05.12  
2 Vilde Særbotn Johansen  
Florø IL .....1.10.30

#### Kvinner 23-34 år

1 Åse Iren Sætre Ørsta IL .....44.47  
2 Karin Vølle Hemsedal IL .....53.00

#### K 55-59

1 Norunn Stave Florø IL .....49.50

#### Kvinner 60-64 år

1 Liv Berge Åheim IL .....1.04.30

#### Menn 14-15 år

1 Rasmus Haugen Hornindal IL .....40.36  
2 Ådne Reidar Nes Kleppe  
Eid IL .....41.20

3 Matias Navelsaker Eid IL .....45.30

4 Youri van der Werve  
Hornindal IL .....46.06

5 Erling Andreas Aabrekk Eid IL .....52.18

6 Oskar Fjellidal Eid IL .....55.31

7 Sigurd Røyrvik Rønnekleiv  
Eid IL .....1.15.59

8 Christoffer Skår Eid IL .....1.32.13

#### Menn 16-17 år

1 Erlend Myklebust Stårheim IL .....46.06

#### Menn 23-34 år

1 Arve Rindal Eid IL .....36.30

2 Tomas Kadlas Eid IL .....45.22

3 Adrian Chatupka Polen .....46.04

4 Anders Vonheim Markane IL .....47.18

5 Kenneth Vedvik Eid IL .....49.09

6 Kay Roger Haugen Loen IL .....51.27

#### Menn 35-39 år

1 Rune Aase Kalhagen

Eid Motbakkelaag .....42.54

2 Arild Vonheim

Eid Motbakkelaag .....45.46

#### Menn 40-44 år

1 Arve Einar Sørland .....49.53

#### Menn 50-54 år

1 Jan Karsten Nygård

Nygård toppidrett .....45.55

2 Per Atle Hjelmeland Eid IL .....50.29

3 Sam Kristian Skår Eid IL .....56.08

#### Menn 55-59 år

1 Olav M. Hjelle Eid IL .....56.38

#### Menn 60-64 år

1 Erik Driveklepp VT1 .....47.52

2 Jarle Torheim Eid IL .....49.26

3 Edvard Johansen Florø IL .....1.01.46